Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ard og plog

Oppskr. av: Ola Råd

(adresse): Breim

Fylke: Sogn og Fjordane

Herad: Breim

Bygdelag: Re krins

Gard: Råd

G.nr. 37 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, for det meste

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Har og spurt 2 bönder i 80 års alderen.

SVAR

1) Vanleg ard har ikkje vore brukt i Breim som nokon nolevande veit om. Men dei gamle treplogane vart stundom kalla ard. Ein mann - född i Sogndal i Sogn, og ei tid paktar av gard på Eidsvoll, flutte til Breim kring 1920, - hadde med ein ard av typen fig. 3. som han bruka til å slå opp forene for poteter.

2) För omlag 1890 vart kornet mylda ned med river med jarntindar. (mylderiver.) Seinare vart brukt harv. Dei fyrste harvene var stykkeharver med jarntindar. Dei vart og kalla „åmer".

3) Til å slå opp forene for poteter brukar vi hyppeplog eller hestehakke. Den kom i bruk her kring 1915-20. För bruka ein vanleg plog, sette potetene i fora og plögde over.

4) Er ikkje kjend her.

5) Nei.

1463

6) Skjekene til plog og harv kalla vi drette (eit drette)! Sjölve skanklane kallar vi tilje. Yttaste enden var dei flata og noko utvida. Gjenom utvidinga var bora hol. Tiljene var så festa til eit flatvore tverrstykke med hol i båe endar. Men for at drettet skulle vera ledeigt, var der mellom tilja og tverrstykket tenne flatvorne stykker med hol i båe endar. Desse stykka var kalla loker. Der var ei loke över og ei under tilja og tverrstykket. Gjenom tilja og loka gjekk ein trenagle av hard ved med hovud på undersida, og på oversida var fest ei vidje gjennom trenaglane. Den vidja kallar ein i föregjerdsle

Ei loke




7, 8, 9, 10, 11 og 12. kan eg ikkje seia noko om.

13) Ja, no brukast berre moderne plogar. Kring år 1900 kom dei nye plogane i bruk, kanskje litt för.

Dei eldste plogane som ~~var~~ hadde veltefjöl av tre, men skjer ~~av~~ og sole av jarn laga ein på garden. (Kvar gard hadde smie). Seinare-kring 1870 fekk ein plogar med veltefjöl av jarn, åsen og styret var framleis av tre. Desse plogane vart til vanleg laga av bygdesmedane. Plogane som var bruka her, både dei med veltefjöl av tre og med veltefjöl av jarn likna mest fig. 11, men utan kniv.

1463 14. Plogen fig. 8 har ikkje vore brukt her.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

15) Nei noko reidskap til å skrapa av vellefjöla er ikkje kjend her. Plogkaren skrapa av med foten når vellefjöla klabba. Elles bruka det alltid gå 3,4,5 menneske på fora med grev og sletta til etter kvait. Desse rensa og plogen for plogkaren når det hövde -(med grevet) Desse som grov måtte og rense åkeren for roteugras.

Arbeidsgangen medan ein plögde var slik: Ein tok til kl. 6-7. og arbeidde omlag 2 timer og hadde då plögt ei sveit. Hesten skulle då kvila og eta ei stund. Medan sådde husbonden sveita, og dei som hadde stade på fora og grev, tok mylderiven og mylda med kornet. Så baut ein bera mök utover den oplögde akeren til neste sveit. - I ei ökt var to sveiter. Salt 6 sveiter for dagen.

16) Ein velta plogen på den sida vellefjöla var, men oftast heldt plogkaren i styret, så plogen låg berre halvt over på sida.

17) Nei.

18) Ja, ein hadde alltid både högre- og vinstrehandsplog, ja på störregardar ofte to av kvar sort. Dei gamle plogane förde mykje mold med seg, difor plögde dei eit år til kvar kant. Og dei som hadde 2 av kvar sort leigde stundom hest attåt sin eigen og plögde med to hestar og to plogar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1463

19) Til vanleg 5-6 tommar. Ein regulera djupna med å letta eller senka åsen, med ein kjile bak under åsen slik som på fig. 11 og 13. Elles kunne det og henda ein spikra ein kloss på framme under åsen om plogen gjekk for djupt. Noko seers namn hugsar eg ikkje. Hjul var ikkje brüka.

20) Nei ristill var ikkje brüka.

21) Nei.

22) Nei

23) Nei, ein slik plog som fig. 12 er ikkje kjend her.

Reidskapet ein plögde med og som velte molda til eine sida kalla ein plog, men namnet ardåsen var stundom brükt om plogåsen. Men etter ein fekk dei meir moderne plogane er nemninga ardåsen fallen heilt bort.

Ard vert üttala slik det er skrive med vanleg d. Ard er hankjön.

Plog vert og üttala slik det er skrive her.

I samhöve med dette kunne det kanskje vera av interesse å nemna noko om korleis åkrane på garden var bytte mellom brüka, ~~og arbeids-~~ Likeins nokolite om driftsmåten, för gardane vart ütskifte. Utskiftninga på innmarka var i Breim frå åra 1890 til 1910.

På garden Råd var 4 brük, og kvart hadde kvar sin åker ved sida av kvar-



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

andre, og storleiken av åkrane var i höve til skylda på brūka. Kvart brūk hadde 6 åkrar kvar som alltid var bruka til korn, eit år bygg (som vi oftast kalla hommele), og eit år havre. Det var berre dei to kornsortane ein dyrka. Det året ein sådde bygg gjödsla ein sterkt, og det året ein dyrka havre brukte ein ikkje å gjödsla. Og gjenne var det slik at alle 4 grannane hadde same sort korn på åkrane som låg ved sida av kvarandre. På den måten slapp ein å få havre ilag med bygg og omvendt. Når kornet var til å rånn (spirte), og akrane var omlag kokylte (d. v. s. spirane var så store at dei ~~st~~ gömde molda), var alle grannane ilag og for over og grov såveitar eller merkeveitar mellom åkrane. Dei strakte opp snor og grov etter den.

Potetåkrane var på andre stader på garden. Ein måtte ikkje ta kornåkrane til poteter. Potetakrane var dei same oppatt kvart år. Desse åkrane var kalla gjer, potetegjer, og måtte vera der som var lett sandhaldig jord.

1463

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING